

Haugesund 07.12.2023

## Bok om maritime byggverk på Haugalandet

Den siste utgåva av årboka Haugalendingen er no klar – rykande fersk frå trykkeriet! Årets tema er maritime byggverk. Det er den andre av fire årbøker der vi rettar blikket mot havet og maritime næringar i Nord-Rogaland.

Langs kystlinja i vår region, ut mot storhavet og innover i fjordane, har maritime byggverk satt spor og prega landskapet i fleire hundre år.

Vi byr på artiklar om Risøybrua og Staalehuset i Haugesund, nedlagde skipsvervar i Hogganvik, ei vervarstove på Nedstrand og ein hummarpark på Nordre-Vågholmen på Bokn. Felles for dei alle er at dei fyller funksjonar som menneska har hatt behov for, knytta til kommunikasjon og ulike typar industri, vareforedling og ein stad å bu.

Her er eit lite utdrag frå artikkelen om bygginga av Risøybrua, skrevet av Øystein Nilsen:

*14. mai 1939 skulle vært konfirmasjonssøndag i Haugesund, men ordfører Sigurd Lie hadde talt med prosten, skrevet til biskopen og fått ja til at konfirmasjonen ble flyttet til søndag 7. mai dette året. Etter en hektisk byggetid på 15 måneder var det nemlig endelig klart for åpning av Risøybrua søndag 14. mai. "En av de største dager i byens historie", skrev Haugesunds Dagblad.*

Årboka er no i sal ved Karmsund folkemuseum for kr. 199,-. Er du medlem i Haugalandmuseets vener kan du hente ei boka gratis.

Opningstider: ti-fr kl. 11:00-15:00 (12:00-13:30 fredag 8. desember) og lø-sø kl. 12:00-15:00

For fleire opplysningar kontakt Grethe Paulsen Vie, avdelingsleiar for kulturhistorie og samling: [gpv@haugalandmuseet.no](mailto:gpv@haugalandmuseet.no), mobil 48 15 25 09.

**Foto:** Risøybrua under bygging i 1938, foto: Haugalandmuseet

Vennlig hilsen

Grethe Paulsen Vie  
Haugalandmuseet